# BOKN BYGDABLAD



Nr 4 - Mai 2001 - Årg. 16





Forskning - s. 4




Rogfast- s. 10



God hjelp - s. 16

Bokn kommune

Kusymre kommuneblom i Bokn





# ORDFØRAREN HAR ORDET

Hei!

Nå er endelig våren komen, lamma er ute og det begynner å bli grønt. Det er ei fin, men travel tid for alle.
Som kjent fekk kommunen eit overskot på 3,7 mill kr. i 2000, og det gjer oss i stand til å få utført mykje.
Kommunestyret har vedtatt å kjøpe ny brannbil, legge vannledning til Våga, fylle ut molo i Hålandsjøen til småbåthavn, fikse opp løpebanen på idrettsanlegget og andre mindre men viktige investeringar. I tillegg er det håpet at ein komme i gang med utbygging på skulen med nye etterlengta klasserom for ungdomsskulen, auditorium og flytting av biblioteket.
Det er og eit håp at planlegging og godkjenning av nye omsorgsbustader blir ferdig i år. 2001 blir då eit svært aktivt og hendelsesrikt år på Bokn.

**Takk til Stein Alendal!**
Næringssjef Stein Alendal har slutta og eg vil takka han for innsatsen han har gjort for Bokn.
Det vil ikkje bli ansatt ny næringssjef, men rådmann og ordførar vil ha ansvaret, og alle henvendelser om næringsspørsmål skal nå rettast til rådmann eller ordførar.
Ein ledig stilling som sekretær i Servicetorget har ikkje vore utlyst i påvente av revidert budsjett. Der er nå funne rom for ein utviding på 40%.

**Revidert budsjett**
Ellers medførte revidert budsjett at ein ikkje har redusert drifta i kommunen. Auka inntekter frå bl.a. Haugaland Kraft AS og reduserte renteutgifter er lagt inn i budsjettet.
Dette gjer at kommunen får eit akseptabelt budsjett, utan rom for nye innvesteringar, i åra framover, forutsatt at inntektene frå staten blir opprettholdt, og ingen ekstra utgifter.

**Kommunen beklager**
Under arbeid på ei av tomtene på Øyrenfeltet blei det oppdaga at i skråningen ovanfor var det noko stein som låg rasfarlig til. Kommunen vil beklaga at dette ikkje var oppdaga tidlegare, men har fått ekspertise og entrepenør til å sjå på saken, og dei vil komma med anbefaling om kva som må gjerast. Kommunen er instillt på å få arbeidet gjort så fort som mulig, og vil dekka meirutgifter for byggherren.



**17. mai**
Feiringa av nasjonaldagen vår står for tur .
Det er ikkje sjølvsagt at me har det så fredelig og godt i landet vårt, og eg vil minna på at det er lenge siden det har vore så mykje krig og uroligheter i verda som i dag. La oss derfor senda nokre tankar til dei som har det vondt, og håpa at dei kan få fred og feira sin nasjonaldag på same måte som me gjer.
Då vil eg vil gratulera alle med dagen, 17. mai, og ønske alle velkommen til ei tradisjonell feiring med tog, gudstjeneste, samling på Bokn skule og fest om kvelden.

# Kulturbalsam for kropp og sjel!

- mykje folk og nøgde aktørar -

## Radio Innante



200 boknarar i alle aldre satt og smilte og lo i ein god time torsdagskvelden den 26. april, etter at Torolf Nordbø og "kammeratten" hans, Ola, hadde køyrd inn i gymsalen med moped utan lydpotte. Gode historiar, replikkar og kommentarar **utan** banning og underbuksehumor i god kommunikasjon med publikum. Det er sjelden kost i dag at underhaldarar har så stort ordforråd at dei greier å halda "koken oppe" utan å bruka slikt språk.

- Kjempegodt publikum, eg komme gjerna igjen, seier Torolf ( han innante ) til meg på tlf. ein dag. Han ba meg også helsa til Musikkorpset og seia det var dumt dei fekk så lita tid etter showet, for dei hadde laga så god mat.....

Nytt show er allerede bestilt!

## Ole Brumm og vennene hans

27. april koste fv. Petter Sprett, Tussi, Ole Brumm, Kristoffer Robin, Tigergutt og Nasse Nøff ( bildet ) seg på scenen, og mange barn og vaksne koste seg i salen då Wolven kunst– og kulturformidling smelte til ein glitrande familieforestilling. Me fekk servert kjende og kjære klassiske forteljingar om livet i Hundremeterskogen. Igjen fekk Bokn-publikummet skryt av aktørane!



## Kor med krutt!!

Korkonserten på Bokn Skule fredag 27.april baud på ein konsertoppleving utanom det vanlege. Bokn barnekor fekk besøk av tre kor frå Tysvær, og saman ga dei ei førestelling på noko over ein time. Sjeldan har me høyrt lokale barnekor syngja med større entusiasme og trøkk!

Bokn barnekor opna med tre songar. Mellom anna fekk me høyra den vakre, engelske songen om nestekjærleik dei har i repertoaret sitt. Me vart som vanleg rørte då me fekk høyra koret vårt som me er så glade i.

Gla'Sang, Gledeskoret og Tysværvåg Barnegospel følgde opp med eit rikhaldig program. Innimellom friske og inspirerande gospelsongar, las kormedlemmane dikt og sitat frå Bibelen, dramatiserte innhaldet i nokre av songane, og somme vart intervjua om trua si på scenen. Det låg tydeleg mykje arbeid bak konserten, og me lot oss imponera.

Etter konserten var det kafe med sal av hjemmebakst og noko å drikka.

Inngongspengane og kafesalet ga eit godt overskot. Dette går direkte til misjonsprosjekta i Mali, som familien Lygre frå Tysvær deltek i.

Me vil takka alle dei som var med og hjelpte til, slik at konserten kunne verta den fine opplevinga han var.

Bokn Sokneråd



**Du kan lesa om Sjøhuskonserten 28. april i neste utgåve av Bygdabladet.**

# Storm Havbruk – ein spydspiss i oppdrett

## VIKTIGE PRIMÆRNÆRINGAR

Bygdabladet har som føremål å presentera dei viktigaste primærnæringane i Bokn. Etter at me nå har vore ein del innom jordbruksnæringa, går me i dag ut i sjøen og til oppdrett.
Oppdrett av laks og andre fiskeartar har dei seinare åra blitt viktigare og viktigare for områda langs norskekysten og for landet totalt sett. I framtida reknar ein med at havbruk vil bli minst like viktig for landet vårt som det oljeverksemda er i dag. Det er særleg laks som er den store eksportartikkelen, og Norge står for omtrent 50% av all oppdrettslaks. Seinare vil andre fiskeslag koma sterkare i bildet, i tillegg til ulike typer skjell.
Landet vårt har ei lang kystlinje og ligg ideelt til for vidareutvikling av oppdrettsnæringa, så framtidsutsiktene burde vera gode. Temperaturar i sjøen og vekstvilkår ligg også godt til rette.
Det som mange hevdar, er imidlertid at her som på ein del andre område, ville ein fått enormt mykje att ved ytterlegare vidareforedling av produkta. Norge er ein storeksportør av råstoff, medan andre land får mange arbeidsplassar i bearbeidingsindustrien. Dette vil også her i landet gi store utfordringar i framtida.

## HAVBRUK OG FISKE I BOKN

Ved sida av jordbruk har fiske tradisjonelt vore den andre store primærnæringa i Bokn. I mange år har imidlertid oppdrettsnæringa og ei bearbeidingsbedrift for oppdrettsfisk blitt viktigare og viktigare som arbeidsgjevar og næring. Bokn har gode område for denne næringa, og det burde vera gode framtidsutsikter. Fleire kommunar har nå utarbeidd planar for bruk av kystsona, noko som nå også vil bli gjort her i Bokn.



**Utanfor sørspissen av Bokn mot Boknafjorden og havet lenger ute ligg dei solide konstruksjonane av eit havbruk som er berekna for opnare farvatn enn dagens oppdrett.**

## I UTVIKLING

Alle næringar må vera i utvikling for å overleva i dagens konkurransesamfunn. Det gjeld også primærnæringane som har harde konkurrentar både i inn– og utland.
Storm Havbruk som er lokalisert nord-aust for den sørlegaste holmen Kråge på sørspissen av Bokn, er eit nyutvikla havgåande oppdrettsanlegg som nyleg er kome på plass.



**Det er Loden Laks som har røktaransvaret for Storm Havbruk. Her har 3 av dei som arbeider på anlegget matpause i basen på land: Frå v.: Tor Gunnar Lilleskog, Arvid Jøsang og Espen Alvestad.**

Det spesielle med dette anlegget, er at det er bygd for røffare område enn dei tradisjonelle oppdretta. Prototypen på Storm I – anlegget skal kunna tåla bølgehøgd frå 2 – 7 meter. Tradisjonelt har oppdrettsanlegg opp til i dag vore avhengig av lokalitetar som er skjerma til å tåla frå 0 – 2 meter høge bølger.
Sigmund Låte som er dagleg leiar i Storm Havbruk a.s. , seier til bygdabladet at med denne type anlegg opnar det seg veldig store område som tidlegare ikkje var aktuelle. Særleg vil store område i dei mange fjordane her i landet nå kunna brukast.
Konstruksjonane er laga ved Karmøy Stål i samarbeid med Bjørge Offshore, og for dei som har vore og sett på anlegget, så er det vel dette som slår ein – konstruksjonane og dimensjonane i anlegget ber tydeleg preg av å kunna brukast i tøffe farvatn.

## FORSKING OG DOKUMENTASJON

Sigmund Låte er dagleg leiar for firmaet. Han har vore sentral i arbeidet med å få prosjektet i gong. Han fortel til bygdabladet at det er lakseslakteriet Fiskeforsyningen i Sveio saman med Prosjekt og Design Service i Haugesund, Loden Laks, Egersund Nett og lakseforprodusenten Skretting i Stavanger som står bak prosjektet eigarmessig. SINTEF i Trondheim bidrar med fagleg ekspertise. Anlegget skal drivast med ein forskings– og utviklingskonsesjon på 12.000 kubikkmeter. Pr. i dag har dei 40.000 fisk på 1,5 kg i den eine mæren, og 76.000 fisk på 0,5 kg i den andre.
Anlegget skal nå testast, og det skal drivast forsking og dokumentasjon. Ein har fått full utteljing i Norges forskningsråd, og SND er inne med tilskot. Det blir tatt sikte

på å få anlegget typegodkjent. I det heile så er meininga at anleggstypen skal testast ut, og at det skal resultera i å få selja ferdige anlegg til andre her i landet og til utlandet.

**PRISAR**
Storm Havbruk har vekt oppsikt både i fagmiljøet og elles. Det har resultert i at Storm Havbruk fekk Reodor-prisen tidlegare i vinter. Reodor-prisen blir utdelt av SND Rogaland. Storm Havbruk fekk Reodor-prisen for utviklinga av ein ny type mæranlegg til oppdrettsnæringa.
I april fekk dagleg leiar Sigmund Låte årets havbrukspris. Storm Havbruk er det siste prosjektet Sigmund Låte har vore aktiv pådrivar i innan oppdrettsnæringa. Tidlegare har han gjennom politiske, organisatoriske og næringsutøvande funksjonar vore ein aktiv pådrivar innan dette området. Før Sigmund Låte vart engasjert i Storm Havbruk, arbeidde han i Hydro Seafood. Det er såleis ein aktiv pådrivar og nyskapar som står i spissen for Storm Havbruk.



**Dagleg leiar i Storm havbruk, Sigmund Låte med det synlege beviset for Reodorprisen.**

**UTPRØVING PÅ MANGE FELT**
For å få forsknings– og utviklings konsesjon for Storm Havbruk, var det eit vilkår at anlegget måtte testast i eit ope område. Det er nå gitt ein 3-5 års konsesjon for laks som kanskje kan utvidast dersom forskinga bør halda fram. Sigmund Låte seier at det er mange spørsmål dei ynskjer å få svar på, og som dei må testa ut. Det er t.d. knytta til miljøforhold som gjennomstrøyminga av sjø i anlegget. Når det ligg slik i ope farvatn, er det kanskje grunn til å tru at groing på anlegget blir annleis enn i smulare farvatn. Korleis blir det med lus? Vil det bli eit mindre problem? Og alger. I eit tradisjonelt oppdrett går mæren 15-20 meter ned mot botnen. Her går han 42 meter, og laksen vil til eikvar tid halda seg på den djupna som gir optimale forhold for trivsel og vekst.
Storm-anlegget vil også i ein krisesituasjon, t.d. ved algeoppblomstring, kunna sy på ein nottopp på mærane og senka dei ennå djupare. Dersom eit algefelt ikkje går så djupt, kan kanskje skader begrensast ved at fisken går ned til botnen av nåverande djupne i mærane – 42 meter.
Når anlegget ligg så langt ute i ope farvatn, ser ein ganske snart at det i sterk vind dukkar opp nye oppgåver som må løysast. T.d. Kan det vera problem med å legga til for å henta og avlevera nytt mannskap. Det vil også gjelda oppgåver som henting av fisk.
Ein er stadig på leit etter nye løysingar på dei utfordringane som melder seg. Den dagen Bokn Bygdablad var på anlegget, var det besøk av eit firma som



**Dimensjonane i Storm havbruk ber preg av at det skal tåla meir enn eit tradisjonelt oppdrettsanlegg. Det minner kanskje meir om offshoreanlegg innan oljeverksemda i konstruksjonane. "Styrehuset" med sanitæranlegg inneheld også sjølve hjernen i anlegget med instrument for mating og kontroll av heile anlegget. Anlegget har avanserte teknologiske løysingar med kameraovervaking og sensorar som registrerar korleis fisken oppfører seg. Mærane ligg på kvar si side av midtgangen som går rett fram frå "styrehuset".**

ville kunna oppretta eit styringssenter for anlegget inne på land som kunne brukast når veret er for grovt til at ein kan setja mannskap om bord. Med ein slik installasjon ville ein både kunna overvaka og mata fisken frå landbasen i dårleg ver.

**INTERESSE FRÅ INN– OG UTLAND**
Storm Havbruk har vekt stor interesse i og utanfor fagmiljøet både her i landet og i andre land kor fiskeoppdrett er ei viktig næring. Mange har vore og sett på anlegget, m.a. 20 oppdrettarar frå Færøyane. Men spørsmål kjem også frå land som Island, Chile, Skottland og Canada.



**T.v. ligg siloen for fôr mellom dei to mærane. Matinga foregår til begge mærane frå dette anlegget.
For tida kjem fôret i sekker, men på sikt reknar ein med at ein skal kunna få levert fôret direkte frå båt til silo utan å gå omvegen med sekker.**



**Storm havbruk har sine administrasjonslokaler og landbase i Loden Laks sin base.**

I Norge er det nå berre 70 enkeltoppdrettarar, det meste er oppkjøpt av dei store selskapa. Likevel ser ein det store potensialet denne anleggstypen kan få her i landet.
Pr. i dag er Storm Havbruk det første og einaste i sitt slag.

**PÅ TV**
Trøndelagsfirmaet Høylandet Film og TV-produksjon skal laga ein TV-produksjon om å dyrka havet. Her vil dei m.a. presentera Storm Havbruk som ei av to-tre bedrifter i Norge tilknytta Havbruk. Det vil venteleg gi ein god marknadsføringsverdi for denne type anlegg. Men Storm Havbruk har alt selt eit anlegg til Bokn. Medaksjonæren Loden Laks set i vår ut anleggstypen "Storm 2" som berre omfattar mærane. Det skal lokaliserast ute i sjøen i eit område utanfor Lauplandsvågen.

# Søndagsskolen på Bokn Bedehus

Kari Hetland

På Bokn Bedehus samles søndagsskolen hver andre søndag kl. 10.30 - 11.15. Her er barn i alderen ca. 3 år og oppover. Søndagsskolen ledes av fire ledere. To ledere på hver samling. Samlingen starter med at barna putter penger på et glass. Dette skal gå til støtte for et fattig barn ( dette er frivillig ). Etterpå får de klistremerker ( fisker ) i frammøtekortet. Kortet har tegning på forsiden av Jesus sine disipler som er ute og fisker. Et stort fiskenett kommer ut av båten. I dette nettet skal "klistremerkefiskene" limes inn. De får selv velge hvilket de vil ha. Det er ikke alltid så lett, for her er det mange med fine farger å velge i mellom.





**Ingunn Are er en av fire engasjerte ledere.**

Barna sitter i en halvsirkel og følger godt med når historier ifra Bibelen blir formidlet gjennom flanellografen. Lederene forteller med innlevelse og glede. Vi kan også som voksen tilhører oppleve at vi "ser for oss" hvordan Jesus arbeidet i hverdagen blant folk. Barna er flinke og noen svarer på spørsmål. Etterpå er det sang og noen ganger leker. En gang ble flaskeleken holdt. Den var populær. Når flasken ble snurret rundt og stoppet skulle den som flasken stoppet på gjøre noe som var avtalt av gruppen på forhånd. Avtalen var at den som ble tatt ut skulle grynte som en gris og krype fram og tilbake langs veggen på rommet. Latteren var stor når flasken stoppet på en av lederne. Barna lo da lederen krøp og gryntet bortover. Etterpå var det tegning og spill.

Til slutt blir det utdelt Søndagsskoleblad. Her står mange fine historier og egen spalte for foreldrene. Søndagsskolen avsluttes med sang og med ønske om at alle er velkommen til neste gang.

HELSESEKSJONEN INFORMERER

v/seksjonssjef Gunn Grønnestad

# Orientering til brukarar av Helse– og sosialtenester i Bokn kommune

**<u>EIGENBETALINGSSATSAR:</u>**

Kommunestyret i Bokn har vedtatt at utgiftstaket og eigenbetalingssatsane i kommunen skal fylgje satsane som blir vedtatt av Stortinget. Det er derfor endring i betalingssatsane for heimehjelp/ambulerande vaktmeister og opphald ved sjukestova slik:

**Heimehjelp/ambulerande vaktmeister:**
Utgiftstaket for sosiale tenester for brukarar med årsinntekt inntil kr.98.180,- er auka frå kr.50,- pr.månad til kr.150,- pr.månad. For dei med årsinntekt over nemnde beløp er det ingen endring. Dette utgiftstaket vil til dømes gjelda for dei som nyttar tilbodet om heimehjelp og ambulerande vaktmeister. Endringa gjeld frå 1. januar i år.

**Opphald ved institusjon:**
Det er i forskrift av 5.januar 2001 frå Sosial- og helsedepartementet fastsett nye betalingssatsar for korttidsopphald ved institusjon. Eigenbetalingssatsen er auka frå kr. 54,- til kr. 59,- for det enkelte dag- eller nattopphald. For døgnopphald (korttidsopphald) i institusjon er satsen auka frå kr.108,- til kr.118,- pr.døgn.

For dei som blir innlagde på langtidsopphald eller har meir enn 60 døgn på korttidsopphald, er betalingssatsane annleis. Då blir eigenbetalingssatsen berekna ut i frå totale inntekter, renter og skatt.
Reglane for eigenbetaling er kompliserte, og kan virka forvirrande. Har du eller dine næraste spørsmål i samband med dette, ta kontakt med Gunn Grønnestad på telefon **52 75 25 34.**

**<u>BRUK AV TENESTER I HELSESEKSJONEN:</u>**

Bokn kommune ynskjer at alle som bur eller oppheld seg i kommunen skal få dei helsetenestene dei har bruk for, og som dei etter gjeldande regelverk har krav på. Tildeling av hjelp skal vere ut frå medisinske kriteriar, og alle skal behandlast likt ut i frå den situasjonen dei er i. For å sikre dette, og for å gi potensielle brukarar mulighet til å klaga på vedtak som blir fatta, <u>skal alle som treng tenester frå pleie og omsorg søka skriftleg.</u> **Dette gjeld ikkje ved behov for øyeblikkelig hjelp ved akutte situasjonar, der vi alltid vil starta med hjelpetiltak med ein gong.**

Søknaden blir behandla i ei nemd som består av kommunelegen, seksjonssjef for helse og leiar for pleie og omsorg.Det vedtaket som blir fatta kan ein anka innan 3 veker om brukaren meiner han/ho ikkje har fått den hjelpa dei treng/har krav på.

Søknadsskjema får ein ved å henvenda seg til sjukestova, Servicetorget eller seksjonssjefen. Du kan og få hjelp til å fylla ut skjema om du ynskjer det.

Dette gjeld tenester som skal gå over tid, som:

- Dag, natt eller døgnopphald ved sjukestova
- Heimesjukepleie
- Heimehjelp
- Middagsombringing
- Tryggleiksalarmar

**Vi vil igjen minne om telefonnummeret til legevaktsentralen i Bokn: 52 74 85 22**

**TAKK!**

**På vegne av bebuarane ved sjukestova vil me takka dei pårørande for pengegåver som blir gitt i samband med dødsfall.**

**Det syner ein rørande omtanke i ei tid som er vanskeleg for familien. For bebuarane blir det ekstra hygge i ein elles rutinepregа kvardag.**



# KULTURKALENDEREN

- forandringar/nye arrangement er **utheva** -

MAI
**17.: Tradisjonell feiring. Sjå eige program i posten**
17.: Gudsteneste kl. 10.30
17.: Barneridning - arr. BORK
18.-
20.: Ulve/meisekretsleir på Blikshavn, Karmøy
20.: Song på bedehuset kl. 15.00 - Henry Thuestad og fleire deltek
Veke 21 - Eksamen, 10. klasse ved Bokn skule
26.: Klubbkveld for ungdom 12 - 20 år kl. 19.00 - 01-00
27.: Gudsteneste kl. 11.00
30.: Normisjon, Bokn bedehus kl. 19.30
31.: Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30

JUNI
01.-
03.: Kanotur for speidartroppen
03.: Gudsteneste kl. 15.00
04.: NMS kl. 19.30 - Bokn bedehus
05.: Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00
06.: Formannskapsmøte
**06.: Vårfest, 1. - 4. klasse på skulen**
**07.: Basar, Bokn skule kl. 19.30 - arr. Bokn Sanitetsforening**
13.: "Mat & Prat" i Allrommet kl. 14.00 - 16.00
17.: Gudsteneste kl. 11.00
20.: Avslutningsfest for 10. klasse ved Bokn skule
20.: Kommunestyre
21.: Siste skuledag ved Bokn skule
23.: Speidartivoli - Jonsokfeiring i Peraliå
28.: Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30

JULI
01.: Bruamarsjen kl. 11.00 - arr. BIL
01.: Gideon kl. 19.30 - Bokn bedehus
14.: Marknadsdag i Krojen kl. 10.00
**14.: Utedans, arr. Bokn Idrettslag og Bokn Musikkorps**

AUGUST
24.-
26.: Speidartroppstur - seiltur med "Elida"

DESEMBER
02.: Julemesse på Arskroen

**Våren er her og**
**Bygdabladet gir lesarane ein yskjereprise!!**

## *Vår i familien*

*Kva var det eg sa*
*ein gong i fjor?*
*No ser me igjen*
*at det spirer og gror.*
*Med sol og varme og fuglekvitter*
*og skitlukt som i nasen sitter.*
*Er våren igjen på våre traktar*
*og kler naturen i fagre draktar.*
*Så fryd deg min ven*
*og tenk som så:*
*Skitlukt må me tåla*
*skal me melk og kottelettar få!*

*Arne Gardbruk*

*Hei og hå*
*no er kua fri,*
*og på marka har ho*
*spredd møkka si.*
*Eit sikkert tegn på at det er vår*
*og at vi på nytt til hausten får*
*mjølk, kotelettar og gode sakar*
*som ikkje det grann av skiten smakar.*

*Arne Gardbruk sin son*
*Arneson Gardbruk*

*(Framhald neste side nederst)*

**GYMSALTIMEPLAN, KVELD**

| DAG | AKTIVITET | KL. | ANSVARLEG |
|---|---|---|---|
| Måndag | Fotball 11-12 år<br>Bokn Musikkorps | 17.00 - 18.30<br>20.00 - 22.00 | Otto Waage<br>Lillian Grønnestad |
| Tysdag | Barnetrim<br>Fotball, A-lag<br>Aerobic | 16.15 - 17.00<br>19.00 - 21.00<br>21.00 | Marianne Lie Alvestad<br>Roy Magnus Tjøsvoll<br>June Kro |
| Onsdag | Fotball 8-9 år<br>Badmington<br>Volleyball, herrer | 17.00 - 18.00<br>18.00 - 19.30<br>20.00 - 22.00 | Arthur Trosnavåg<br>Bufellesskapa i Bokn |
| Torsdag | Bokn Musikkorps<br>Volleyball, ungdom<br>Aerobic/div. | 17.00 - 19.00<br>19.00 - 20.00<br>20.00 - 22.00 | Lillian Grønnestad<br>Arne Hosaas<br>June Kro |
| Fredag | Badmington<br>Fotball, A-lag | 17.30 - 19.00<br>19.00 - 20.30 | Bufellesskapa i Bokn<br>Roy Magnus Tjøsvoll |

# Takk til Stein Alendal!



Etter mange år i kommunal teneste, sluttar nå Stein Alendal i kommunen for å gå over i annan stilling.
Stein har frå 1985 arbeidd i Bokn kommune som næringskonsulent og næringssjef. Det har vore ein periode med store endringar i Boknasamfunnet, der kommunen i mange samanhengar har trukke vekslar på Stein sin kompetanse og engasjement.
Fyrst og fremst har Stein vore næringslivet i Bokn sin mann, der han har vore sterkt engasjert i dei større verksemdene i Bokn som Bokn Plast a.s og Bokn fiskemottak a.s. Men engasjementet har kanskje vore minst like stort når det gjeld prosjekt som har vore retta mot enkeltmannsbedriftar, eller mot prosjekt for utvikling av Bokn som eit godt og levedyktig samfunn. Eit slikt prosjekt var Bygdeutviklingsprosjektet der det var eit mål å få engasjert bygdene for å ta vare på gamle tradisjonar, bruka dei naturgitte føresetnadane og Bokn kommune sin eigenart sett i relasjon til å skapa framtidsretta arbeidsplassar.
Stein har ein stor kontaktflate både regionalt og i landet for øvrig. Dette har i mange samanhengar kome både kommune og næringsliv til gode. Ikkje minst i samband med søknader om tilskott og støtte til det kommunale tiltaksarbeidet, søknader om investeringstilskot for næringslivet, tilskot til markedsundersøkelsar, eller tilskot til produktutvikling og opplæring av tilsette.
Som næringssjef har Stein talt næringslivet sine saker innad i kommunen, både i forhold til kommuneadministrasjon og politikarar. Han har likevel alltid makta å halda ein balanse i arbeidet der han har vore lojal både ovanfor bedriftane, politikarar og administrasjonen.
Stein går nå over i ein jobb der han delvis skal arbeide med utvikling av golfsporten på Haugalandet. Dette må vera ein drømmejobb for Stein som i dei siste åra er blitt ein lidenskapleg golfspelar.
Elles blir han å finna i arbeid for Haugaland Industriforening der han skal arbeida regionalt for næringslivet på heile Haugalandet.
Me håpar derfor at kontakten med Stein vil halde fram, sjølv om han nå sluttar i Bokn kommune.
På vegne av både næringsliv og kommune er det god grunn til å takka Stein for eit godt utført arbeid som har vore gjennomført med stor entusiasme til beste for Bokn kommune, og ein vil samtidig få ynskja han til lykke med ny jobb.

*Jan Erik Nygaard*

# Årsmøte i Bokn Krf.

Bokn KrF hadde årsmøte på Boknatun den 2. april. Årsmelding og rekneskap vart godkjend. Sigmund Alvestad vart attvald som leiar. Harry Vågshaug hadde sagt frå seg attval, og ny i styret er Marie Vågshaug.

Styret er no samansett slik:

| | |
|---|---|
| Sigmund Alvestad | leiar |
| Eva Brunborg Svendsen | nestleiar |
| Gunvor Øvrebø | kasserar |
| Marie Vågshaug | sekretær |
| Ingrid Blikshavn | styremedlem |
| Karen Hetland | varamedlem |
| Edvin Øvrebø | varamedlem |

*Det er for gale at far min trua*
*at eg ska skriva som han.*
*Han masar jo berre og skiten til kua*
*og gløymer alt som kjem fram.*
*Som nybruna lår og anna som strutta,*
*det er vår det, det meiner vi gutta.*

*Arneson Gardbruk*



# Arsvågen – Randabergvika på 15 minuttar

Reidar Alvestad



**Tunnel mellom Randaberg og Bokn kan starta her ved Randabergbukta i ein bue om Kvitsøy for så å enda i Arsvågen. Planleggjar Bjørn M. Alsaker seier til "Rygjavegen nr. 5, 2000 at oppstiginga i Arsvågen truleg vil bli der billettstasjonen står i dag.**

**Nå er utgreiingsarbeidet i gong**

Ferjefri kryssing av Boknafjorden, det såkalla Rogfast-sambandet, skal utgreiast nærare. Fylkesutvalet i Rogaland vedtok den 6.mars at det skal utarbeidast ei konsekvensutgreiing og fylkesdelplan for undersjøisk vegsamband under E39. Det skal også igongsetjast eit prosjektråd for arbeidet med representantar frå berørte og interesserte kommunar, fylkeskommunen, NHO, vegsjefen og Vegdirektoratet. I fylgje vedtaket skal ein sjå nærare på ein muleg finansieringsmodell for arbeidet. Private aktørar kan bli aktuelle som deltakarar i prosjektet. Den finansielle delen vil seinare koma som eiga sak til fylkesutvalet.

Planleggjar Bjørn Alsaker ved Vegkontoret som var prosjektleiar for Bokn_prosjektet, seier til bygdabladet at ideen med tunnel under Boknafjorden vart lansert alt i 1983 då Kyststamvegen var i emning. Den gongen var det imidlertid lansert ein trase over Fjøløy og vest/nordover til Bokn.
Bjørn Alsaker seier nå at det er stilt 2 millionar kroner til rådvelde til første del av planarbeidet kor det skal lagast konsekvensutgreiing for fleire område som natur/miljø, samfunnet generelt, kollektivtrafikk m.v. Konsekvensutgreiinga skal også omfatta seismiske forhold på havbotn og andre deltema. Berørte partar 50 instansar) vil nå få ei melding kor alle deltema blir presentert, og dei kan be om at andre tema blir tatt med i saka. Så vil saka vil neste år bli lagt fram for fylkespolitikarane.

**Er det noko som kan stoppa Rogfast?**

For ein del år sidan var det nok mange som såg på planane om ein undersjøisk tunnel mellom Sør– og Nordrogaland som luftig ynskjetenking. I dag, etter fleire år med teknologiske nyvinningar og opning av mange store tunnelprosjekt i Norge og utlandet, er Rogfast i seg sjølv eit uvanleg sterkt prosjekt i eit av dei folkerikaste områda av landet. Rogaland og Hordaland har 810.000 innbyggjarar. Det meste av denne folkemengda bur langs kysten frå storbyområda Bergen til og med Stavanger /Sandnes. Tyngdepunkta Bergensområdet og Stavanger/Sandnes området har kvar for seg større befolkning enn Trondheimsområdet, og er såleis Norges 2. og 3. folkerikaste storby-område. Denne kyststrekninga høyrer også til Norges viktigaste regionar med framtidsretta næringar kor ein ferjefri stamveg vil bli avgjerande for den vidare utviklinga. Midt imellom tyngdepunkta i nord og sør ligg Haugalandet som også er betydeleg både med omsyn til befolkningsstorleik og høgt utvikla næringsliv.
Interessene som nå ligg bak ynskjet om utgreiing, planlegging og gjennomføring av prosjektet synes å vera tunge og vidtfemnande, både politisk og frå næringslivshald, og det må koma spesielle, uforutsette problem om dette denne prosessen nå blir stoppa. Realiseringa av dette prosjektet vil bli grensesprengande for sørvestlandet.

**Kort reisetid**

Ved ei realisering av Rogfast, vil kjøretid frå Bokn bli rundt 1/2 time frå til Stavanger, det same som til Haugesund med T-sambandet på plass. I km blir det også omtrent det same – under 40 km. Strekninga Stavanger-Haugesund vil ein då kunna kjøra på under timen.

Dette opnar sjølvsagt for nye og spennande ting innafor mange område, ikkje minst når det gjeld arbeidsmarknad, utdanning, kunst/kultur osv.




Kart henta med løyve frå "Rygjavegen" nr. 5 2000

### Etter andre store anlegg

I det heile har det dei siste åra foregått ein revolusjon innafor samferdsle og fjordkryssingar her i landet, både når det gjeld bruer og undersjøiske tunnellar. Her i området har me hatt Bokn fastlandssamband, Rennfast, og sist Trekantsambandet ved Bømlo/Stord.
Det som nå står for tur er T-sambandet frå Karmøy til Fosen og vidare til Gismarvik/Tysvær og frå Fosenhalvøya til Raglamyr. Vidare Finnfast frå Rennesøy til Finnøy og Ryfast frå Stavanger til Strand.
Etter desse tre fjordkryssingane vil det sannsynlegvis bli Rogfast.
Det er vel ikkje realistisk å rekna med at Rogfast kan vera realisert før 2010. Men på eit møte som vart arrangert på Karmøy i slutten av februar i år for å drøfta korleis Karmøy kunne knytast opp mot det nye transportsystemet, sa fylkesordførar Roald Bergsaker i fylgje Stavanger Aftenblad at avklarande utgreiingsarbeid rundt ei ferjefri kryssing av Boknafjorden kunne vera ferdig om to til tre år, og at bygginga av den 24 km lange tunnellen kunne bli vedtatt av Stortinget om tre til fire år. Med ei byggetid på tre til fire år kan Kyststamvegen gjennom Rogaland vera ferjefri og klar til bruk i 2008, ifylgje avisa sitt referat frå Bergsakers utgreiing.

### To tunnelløp – 2,5 milliardar

Til vegkontoret sitt blad nr. 5 i 2000, seier planleggjar Bjørn M. Alsaker at ein så lang tunnel som det vil bli mellom Randaberg og Bokn , vil kreva to løp med to felt i kvar. Dette for at det eine løpet kan stengast, og det andre kan brukast til evakuering ved ei eventuell ulukke i tunnellen. Kostnaden er kalkulert med 2 – 2,5 milliardar kroner, og vil medføra ei bomavgift på kr. 200,-.

### Konsekvensar for Bokn

For Bokn og nordfylket elles vil ein tunnel med kort veg til sørfylket endra mykje. Mange felt i samfunnet og dagleglivet vil kunna bli påverka. Ei stor befolkning på Nord-Jæren vil få kort og rask veg til nye natur– og friluftsområde. Sannsynlegvis vil det bli større rift om hyttetomter, prisar på hytter vil kunna stiga i pakt med etterspørsel. Det same vil gjelda mot Tysvær sine mange frilufts– og hytteområde.
Når det gjeld trafikken gjennom kommunen, ligg vegen her som før. Trafikken vil utvilsamt auka, men vil gå meir jamnt. Det har alltid vist seg at nye vegutløysingar avlar meir trafikk. Særleg vil dette gjelda vegar mellom store befolkningskonsentrasjonar. Det vil bli viktigare å ha gode og sikre av– og påkjøringsordningar til lokalvegnettet.
Det vil elles bli muleg gjensidig å nytta seg av kulturlivet i sør– og nordfylket på ein heilt annan måte enn i dag, det same vil gjelda innan idrett. For eit eventuelt hestesportanlegg i Bokn, ville det vera ideelt med betre tilgjenge frå sørfylket som har eit stort og tradisjonsrikt hestemiljø.
Det viktigaste feltet blir vel likevel innan næringslivet. Sjølv om Boknafjorden deler fylket, er det mange større og mindre bedrifter som fins på begge sider av fjorden som er avhengige av eit godt og effektivet samarbeid. Reisetid kostar, og kortare og tilgjengeleg veg heile døgnet gir store gevinstar for næringslivet. Det same vil gjelda for det offentlege.

### Positive politikarar

Fleire sentrale politikarar frå mange parti har uttala seg positivt om planane for Rogfast. Det spesielle er at dei er positive positive og enige både i nord– og i sørfylket. Så det er visst slutt på den øydeleggjande kampen og mistanken mellom nord og sør om kven som får for mykje og for lite, og om ein djup Boknafjord. Det ser ut som det er potensialet ein tunnel vil gi dei legg vekt på nå. Så alt kan endra seg, viser det seg.
Karmøypolitikarane er også positive. Men dei kan måtta greia seg med T-sambandet. Frå Bokn til Karmøy ligg det ei djup renne på minst 400 meter, medan ryggen mellom Randaberg og Bokn lligg på mellom 200 og 280 meter. Kor vidt det skal gå ei sløyfe av vegen mot Sør-Karmøy, må difor vera ei teknisk og økonomisk vurdering i forhold til ev. trafikkmengd til Karmøy. Med T-sambandet ferdig vil folk frå Kopervik og nordover på Karmøy ha omtrent like god løysing med å kjøra over Bokn.

# Rasering av Bokn Bygdablad?

**I samband med vurdering av drifta i kommunebudsjettet og reduseringsmuligheter, har ei gruppe evaluert bladet, og kome fram til ulike alternativ dersom drifta må reduserast. Desse blir lagt fram for Formannskapet 6. juni.**

**Dei ulike alternativa til å behalda det slik som i dag er:**

- **Færre nr. i året ( 4 har vore diskutert )**
- **Eigne infosider i Tysvær Bygdablad**
- **Alt. Inforutsending frå kommunen ( rundskrivsform )**

**Bygdabladet har god grunn til å tru at lesarane set pris på bladet, som er eit kontakt– og informasjonsorgan mellom kommunen, bygdafolket og utflytta boknarar, der det er plass for meiningsytringar og fri drøfting. Bladet vernar og styrkar samholdet, identiteten og den lokale kulturarven samt at det er eit vindu utad frå kommunen. Bladet blir sendt til 575 husstandar, og nye abonnentar kjem stadig til.**

**Nemnda og underteikna meiner at ei eventuell realisering av desse alternativa vil rasera Bokn Bygdablad, og vil sjølvsagt beklaga dette sterkt.**

## BOKN KOMMUNE
SEKSJON TEKNISK
5561 BOKN



# FERIEVIKARER

Vi trenger ferieavløsere fra og med 25.06. til og med den 3.08.01(6 uker) for **reinhold** på Boknatun og sjukestua. ( Arbeidet tilsvarer ca.50% stilling og kan deles på flere personer )

Vikaren vil arbeide sammen med en av de fast ansatte.

Ved **uteseksjonen** trenger vi ferieavløsere til parkmessige oppgaver og utendørs vedlikehold på kommunale bygninger.

- Gartnerhjelp på kirkegården: 15t/uke i tidsrommet 28.05-15.08.01
- 2 medhjelpere 7,5t/uke i perioden 18.06-13.07
- 1 medhjelper 7,5t/uke i perioden 16.07-10.08.01

Stillingene kan deles på flere personer.
Søkere til stillingene ved uteseksjonen må være fylt 18 år

**Søknadsfrist: 23.05.01**

# HUNDEEIGARAR, PASS PÅ!

**Det vrimlar av hundeskit, både langs vegane og på Føresvik Turveg.**

**Dette er uappetitteleg og uhygenisk! Tenk t.d. på småungar langs vegen som vil ha seg ein smaksprøve, det er fleire variantar å velja mellom.**

**Mange hundeeigarar er flinke, og tar opp desse usmakelege spora etter kjæledyret sitt med ein gong, medan mange kan bli mykje flinkare. Skjerp dykk!**

**Hugs også båndtvangen, heile året.......**



# *Naturens makt*

*Ett strå står å svaie i vinden*
*det danse å svinge seg ront*
*Ka det tenke på det vett ingen*
*med det danse å knekke´kje sont*

*Et tre lar greinene gynga*
*fram og tilbake, opp og ned*
*Stammen hørre og vinden synga*
*treet bøye seg og ber meg ver med*

*Vinden bestemme og slår om takten*
*den blåse seg sterk og stor*
*Strået og treet deltar i akten*
*og danse med vinden fra nord*

*Eg sitte stille og ser på*
*dansen går lystigt og villt*
*Sving deg tre, bøy deg strå*
*vinden slår hardt og stryke mildt*

*Eg reise meg opp i vinden*
*eg presse meg fram med små skritt*
*vinden ser forskjell på ingen*
*der den blåse fritt og vidt*

*Eg bøye håve og sokke*
*innser det me alle bør vita*
*Eg står der i vinden å bokke*
*i motvind vil alle slita*

*Men treet og strået danse*
*te vindens rop om fred*
*De svinge med for å ha kjanse*
*te seinare stå rett opp og ned*

*Trær og strå står heilt stille*
*ydmykhet for vindens blåst*
*mennesket kan få det ille*
*når de går ut i krigen og slåst*

*Når naturen vise krefter*
*og vinden synge opp te dans*
*gjør som strået, gi litt etter*
*så har menneskeheten ein kjans*

*Kjetil Hamre*



# Nasjonaldagen vår!

**HENRIK WERGELAND (1808 - 1845)**
Henrik Wergelands navn er ubrytelig knyttet til feiringen av 17. mai. Da han bare var 6 år gammel, var hans far Nicolai Wergeland, med på å lage **Grunnloven**.



Senere, da Henrik ble 9 år flyttet familien til Eidsvoll, noe som gjorde at han i enda sterkere grad følte seg knyttet til de viktige hendingene på dette stedet i 1814.
Det store engasjementet som Henrik la for dagen i forbindelse med å få i stand en skikkelig markering av at Norge hadde fått sin egen Grunnlov, kom virkelig for dagen i studenttiden hans. Da skrev han blant annet den kjente barnenasjonalsangen **«Vi ere en nasjon vi med»**. Senere er Wergeland blitt tillagt æren for at 17. mai ble den nasjonaldagen den er i dag.
Henrik holdt også den første offisielle talen for dagen på 17. mai 1833 i Oslo. Henrik Wergeland døde allerede i 1845, bare 37 år gammel av lungebetennelse og tuberkulose.
Den siste 17. mai han levde, stilte folkemengden seg opp utenfor huset hans for å vise at de satte pris på alt han hadde gjort for grunnlovsdagen.
2 måneder senere var han død.

**BJØRNSTJERNE BJØRNSON (1832 - 1910)**
I 1864 var forfatterkjempen Bjørnstjerne Bjørnson ferdig med teksten til **"Ja, vi elsker dette landet"**. Sangen ble skrevet til feiringen av 50-års jubileet for Grunnloven. Noen mener at sangen første gang ble sunget 17. mai 1864 på Eidsvoll. Andre mener at det var foran slottet den først ble sunget. I alle fall ble den fort populær. Sangen kom med i lesebøkene på skolen, og den ble sunget i barnetogene da Bjørnson hadde fått disse i stand.
**Richard Nordraak** har komponert melodien til "Ja, vi elsker". Han var Bjørnson sin fetter, og han laget melodi til flere av diktene til Bjørnson. Likevel er han aller mest kjent for å ha laget melodien til nasjonalsangen vår.

Bjørnson er også kjent som mannen som kjempet for at vi skulle feire dagen med et **barnetog**, og han organiserte også det første barnetoget i Oslo i 1870.

**RIKSFORSAMLINGEN PÅ EIDSVOLL**
Siden 1380 hadde Norge vært i union med Danmark (dansketida eller «400-års natten»), men ved Kieltraktaten i januar 1814 avstod danskekongen, Frederik 6.,blant annet Norge til svenskekongen.
Den danske øverstkommanderende i Norge, Christian Frederik, som var blitt svært populær i landet på grunn av sitt vinnende vesen, sammenkalte 112 representanter fra det sørlige Norge for å møte på Eidsvoll til forhandlinger om en norsk grunnlov.

**UNION MED SVERIGE.**
Den nye grunnloven ble undertegnet 17. mai 1814. Samme dag ble Christian Frederik valgt til ny, norsk konge. Han fikk bare være konge noen få måneder, etter som han måtte overgi tronen til svenskekongen, Karl Johan, allerede 10. oktober 1814.
Og Norge var nå i nesten 100 nye år i union med Sverige, fram til 1905.

( Kilde: Internett )

**Gratulerer med dagen 17. mai!**

# MINNEORD



Ingeborg Øvrebø er gått bort, 80 år gamal.

Ho vart fødd og voks opp på Grønnestad saman med tre eldre søsken. Foreldra var Bertine og Sjur Grønnestad.

I ungdomstida arbeidde ho på hotell i Haugesund til ho gifta seg med Johannes D. Øvrebø. Dei fyrste åra budde dei i Gongstø på Austre Bokn, før dei bygde seg hus i Føresvik. Ho arbeidde mange år på hermetikkfabrikken.

I ledige stunder var det strikking og hekling, i tillegg var ho aktiv i Sjømannsmisjonen.

Etter jul skranta ho litt, og i slutten av februar vart ho sjuk og kom på sjukeheimen. Der fekk ho feira 80 års dagen sin den 10.april. Mange kom og helste på henne, og fekk kaffi og kaka.

Nokre dagar seinare vart ho sjuk att og døydde etter få dagar.

Ho var snill og blir sakna av mange. Ingeborg klaga aldri, krevde ingen ting og alt var godt.

Ein bror lever etter henne.



# KOMMUNEPLANRULLERING

## OPPSTART

Den første kommuneplanen for Bokn blei vedtatt 31.08.1999. Planen vil no bli revidert. Formannskapet og Forvaltningsstyret har saman med seksjonsleiarane drøfta sterke og svake sider ved gjeldande plan.
Ein kom fram til at planrevisjonen først og fremst bør dreia seg om følgjande tema:

- **Kystsoneplan**
- **Landbruksplan**
- **Arealsituasjon i Føresvik**
- **Trafikksikkerhetsplan**
- **Biologisk mangfald**
- **"Rogfast"**
- **Boligtomtsituasjonen i Føresvik**
- **Vassdrag**
- **Sandvika aktivitetssenter-hestesportanlegg.**

Temalista er veiledande. Kommunen tar gjerne imot innspel om andre emner som bør inngå i planen.

Kommuneplanen skal setta mål for utvikling av lokalsamfunnet og trekka opp retningslinjer for kommunen si virksemd i alle sektorane. I tillegg inneheld planen ein arealdel for forvaltning av areal og andre naturressurser.

Kommunen vil invitera til breie medvirkningsprosessar innafor kvart av temaene, og håpar på aktiv deltaking og gode diskusjonar om utviklinga i Bokn. Husk at påvirkningsmulighetene i forhold til løysingsutforming alltid vil vera størst tidleg i prosessane.

Formannskapet saman med Forvaltningsstyret vil ha den politiske leiinga av arbeidet, og leiar for teknisk seksjon vil koordinera det administrative arbeidet. Ein tar sikte på at revisjonen skal vera ferdig innan juli 2002.
Dei som ønskjer gjeldande kommuneplan kan venda seg til Servicetorget.

Innspel til planarbeidet eller prosessar kan rettast til Hans Faye på tlf. 52 75 25 05 eller e-post hfaye@bokn.kommune.no

# LITT OM NYTT









## Kommunen alltid foran!

I samband med den omfattande skiltinga i området i og rundt Boknatun og skulen, viser eit skilt veg til klubbhus. Ein skulle tru at dei ansvarlege for skiltinga reknar med at Bokn idrettslag sitt klubbhus ikkje er så langt unna. La oss håpa dei får rett!

Førebels er store delar av den flotte tomta dekka av ferske trestubbar, etter nyleg uttynning av skogen.

## Er du lovbrytar?

Det heimelaga innkøyringforbudtskiltet som stod ved vegen inn til skulen er blitt erstatta med eit internasjonalt stoppskilt, der teksten tar meir vare på ungane sin trykkleik enn det forrige. Med tanke på skulefritidsordnings- og barnehagetider er klokkesletta sett til 08.00 - 17.00.

Det går alltid litt tid før nye rutiner er på plass hjå alle, men etterkvart ser det ut til at skiltet blir respektert, og at folk tenker skikkeleg over trykkleiken til barna våre.

## Varmare og varmare!

**Badeplassen i Alvestad nærmiljøanlegg pr. 9. mai: moloen kjem stadig nærmare brygga i sør. Når moloen er ferdig blir bassenget, med påfyll av sand, Bokns varmaste badeplass. Gled deg!**









## Tagging

Du blir ynskt God jul, bedt om å dra til helvete, minna om at du er i eit busskur, m.m. når du ventar på bussen i Alvestad, enten i dei kommunale skura langs vegen ned til Krogjen, eller i skuret ved E39. Dette betyr at både kommunal og statleg eigedom er berørt. Dette er ikkje tøft! Slik forsøpling av bygningar og omgivelsene vil me ikkje ha i Bokn! Kommunen har mistanke om kven som står bak griseriet, og oppfordrar personane til å melda seg for teknisk seksjon, for å drøfta reingjøring eller ei betre form for dekorasjon på venteskurene.



av ungdomsarb. Ann Kristin Grønnestad

# KLUBBKVELD!!!

30. april hadde vi vår forrige klubbkveld. Også denne gangen var vi på skolen, og jeg kunne glede meg over at 30 ungdommer fant veien denne lørdagen. Og det *uten* at jeg hadde hengt opp plakat på forhånd, og uten at det skulle skje noe sånn *veldig* spesielt.

Det at så mange ungdommer likevel dukker opp er et bevis på flere ting: Jungel-telegrafen på Bokn fungerer utmerket ( men det visste vel de fleste ), ungdommen her på øya har ikke så mange alternativer å velge mellom på lørdagskveldene, og de liker å komme sammen på skolen og bare "henge", og snakke med andre.

Det som var litt annerledes enn på tidligere klubbkvelder, var at lærlingene var mer i fokus denne gangen. Annika hadde fått i oppgave av meg å finne på noe mat som ungdommene kunne være med å lage, og dessuten vise en film. Hun valgte å lage ostehorn/ pizzahorn, og de mest aktive av ungdommene ser dere på bildet.



Ostehorna ble kjempegode, og jentene som var med og lagde de skal ha skryt, for at de var flinke. Selv om Annika og Eli stod for det meste av ryddinga etterpå...

**Fv. Helen Grønnestad, Camilla H. Birkeland, Therese Våge og Kristina Faye kommer til å bli flinke husmødre!**

Annika er snart ferdig som Barne- og ungdomsarbeiderlærling her i kommunen, mens Eli har ett år igjen. Disse to er gode å ha med seg på klubbkveldene, og så er de så greie og snille, morsomme og sjarmerende. Jeg skryter fælt av de nå, men de fortjener det!

Uansett. Det ble masse mat, og selv om horna var gratis, så klarte vi ikke å spise opp alt. Maten skulle liksom klaffe med filmen, men som alltid hadde vi litt problemer med å få til denne video-kanonen. Vi måtte ut på bygda for å få tak i en spesiell scart-kabel, men da gikk det bra.

Filmen fenget ikke noe særlig, den var litt gammel, og hadde vel ikke så mye med en typisk tenårings verden å gjøre. Det håper jeg i hvert fall. Den handlet nemlig om en ektemann som slo både sin kone og sin 8-årige sønn, sønnen dreper faren sin, moren tar på seg skylden, og havner selvfølgelig i fengsel for det. En historie som, når jeg tenker over det, er som klippet ut av VG eller for den saks skyld; Haugesunds Avis.

Jeg er vel en av ganske få voksne, som ikke liker å se på nyhetene, enten det er på TV2 eller NRK. Ganske enkelt fordi jeg syns det er deprimerende å se hva folk kan finne på å gjøre mot hverandre. Da er det jo et aldri så lite paradoks at jeg er krim- og grøsserelsker når det kommer til film eller TV-serier, men det er jo oppdiktet, da.

Det ble spilt en del volleyball, med en ball som sikkert kunne knust veggene om det ikke hadde vært for at de er av mur. Men jeg visste at det skulle være i hvert fall *en* ball som var ny, og som var myk og god. Vi fant den ikke, før jeg utlovet en gratis brus til finneren. Da kom ballen til rette ganske kjapt!

Neste klubbkveld regner jeg med at vi kommer til å dra til Haugesund, i hvertfall litt av kvelden. Og med forbehold så setter jeg datoen til den 26. mai. Håper mange av dere kommer, jo flere, jo morsommere. Vel møtt!



Lærlingene våre, Eli ( bakerst ) og Annika, tar en velfortjent pust i bakken.



# Petra fritidsklubb informerer



Petra Fritidsklubb har i alt en ca. 40 ungdommer som brukere. Av disse er det 35 som går mer eller mindre fast, mens resten bare er innom en sjelden gang. Noen er så trofaste at de er på hver eneste kveld vi har oppe, så de kvalifiserer jo til "stamkunder".

Nå er det en gang slik, at noen har rotet bort, eller tatt nøkkelen til branndøra i øverste etasje. Dette medfører at vi må stenge denne etasjen, på grunn av sikkerhetsmessige årsaker. Det greieste hadde vært om nøkkelen hadde kommet på plass igjen så snart som mulig, så den eller de som vet hvor nøkkelen er, bør ta kontakt med meg.

Det er flere episoder som har hendt i det siste som irriterer meg. Sprenging av kinaputter, og knusing av planker og panel som har ligget utenfor, og en masse søppel ligger rundt omkring og slenger. Skjerp dere! Dere er faktisk ikke så små at dere ikke klarer å hive deres eget søppel! Ikke trenger dere å være så barnslige at dere snur en full popcorn-pose opp ned, heller. Det så jo ut som en svinesti etterpå! Neste gang jeg ser noe slikt, eller jeg får høre om det, kommer det til å bli slått hardt ned på. Det er tross alt noen som må rydde opp etter dere, så prøv å kast søppelet deres i søppelbøttene fra nå av!

Petra sin økonomi har hatt en oppsving i det siste, og det betyr som regel at vi kan fikse litt på diverse lys- og lydanlegg, kjøpe inn litt ny musikk eller nye spill til Playstationet. Men *jeg* har ikke så mye peiling på hva slags cd'er jeg bør kjøpe eller hvilke spill som er kulest! Så jeg syns dere skal komme med forslag til meg, eventuelt skrive en liste med ønsker oppe på Petra. Det har dere jo gjort før.

Jeg strever for øvrig litt med å få tiden til å strekke til. Jeg har lenge hatt planer om å sende ut retningslinjene og vaktinstruksen for Petra Fritidsklubb til dere foresatte, men det er ikke blitt gjort ennå. Jeg ville bare si fra at jeg ikke har glemt forespørselen etter dette.

Til slutt vil jeg komme med en oppfordring til dere som har pleid å gå på data-treffene: Dere bør ikke ødelegge for de ungdommene som startet hele opplegget med data-klubben! Det er flott at de viser initiativ og vilje til å ta ansvar, og så er det ekstra trist å se at vennene og kameratene deres ødelegger for dem. Med dette mener jeg;

Forsøple lokalet til det flyter søppel en meter over gulvet.
Spyle med brannslangen inne ( Det er helt utrolig at det går an! ).
Gå inn og ut av vinduer.
Snike seg unna når det skal ryddes.

Dere ødelegger kun for dere selv, og dataklubben har hatt møte med meg og blitt enige om at vi ikke vil ha sånn oppførsel. Vi kommer derfor til å vedta flere regler og bestemmelser som følge av at dere skal tøffe dere! I verste fall må vi koble inn foresatte, og det vil dere vel helst ikke selv, heller.

Dette var litt mye ris, men for at klubben ( både Petra og Data'n ) skal fungere skikkelig, så må alle være med og ta i et tak. Dere er fremdeles en flott gjeng, og det er ikke alle som gjør disse tingene. Jeg håper kritikken treffer der den er ment å treffe, og at dere tar den til etteretning. Da ønsker jeg dere en flott mai måned med mye fint vær og masse moro!

**Petra ønsker alle konfirmantene lykke til med framtida!**



Mustafa, Lars Martin og Eivind ( Guttaboys ) nyter det fine vårværet.

# STORTINGSVALET 2001

## Bokn kommune

### Står du i manntalet?

Dersom du ikkje står i manntalet, kan du ikkje røyste ved stortingsvalet måndag 10. september.

Du kan undersøkje om du står i manntalet i Bokn kommune når manntalslistene blir lagde ut på Boknatun. Listene blir liggjande ute frå og med 11. mai til og med 23. mai.

Dersom du har flytta til ein annan kommune og melding om flytting ikkje er motteken i folkeregisteret innan 31. mars 2001, står du framleis i manntalet i den kommunen du flytta frå. Då kan du velje om du vil røyste på valdagen i den kommunen du har flytta frå eller om du vil førehandsrøyste på Posten.

Dersom namnet ditt ikkje står i manntalslistene som er lagde ut, eller det er andre feil i listene, kan du klage til valstyret innan 23. mai kl. 15.00. Klaga må vere skriftleg og skal vere grunngjeven.
Adressa til valstyret er: Boknatun, 5561 BOKN

Valstyret skal behandle klagene over manntalet og rette feil i møte 30.mai på Boknatun.
Møtet er ope. Den som har klaga, kan møte fram, uttale seg og leggje fram bevis for at han/ho har rett til å stå i manntalet. I staden for å møte sjølv, kan du sende ein annan
person som din fullmektig.

Bokn den 9.mai 2001

Svein Ove Alvestad
(leiar i valstyret)

Valg 2001

# Soknerådsval 2001

Kyrkja prøver å føra vidare den kristne trua og dei kristne verdiane gjennom dåpsopplæring, barne- og ungdomsarbeid, konfirmantopplæring, og gjennom gudstenesteliv og åndeleg fellesskap. Gjennom diakonalt arbeid medverkar den til eit godt sosialt nettverk for alle samfunnet. Mykje av dette arbeidet er frivillig innsats frå kyrkjelydsmedlemmene.

Soknerådet har ansvaret for drift av kyrkjebygning og kyrkjegard, og for sjølve kyrkjelydsarbeidet.

Det vert vald nytt sokneråd kvart fjerde år. I oktober skal nytt sokneråd velgast, 6 medlemmer og 5 varamedlemmer. Og me treng kandidatar. Alle medlemmer som fyller 18 år i valåret og eldre kan vera kandidatar.

Har du forslag til kandidatar som vil bruka litt av tida si og litt av kreftene i eit sokneråd, gjerne ungdomar og unge foreldre som kan visa nye vegar og nye metodar i arbeidet med å nå fleire med budskapet.

Ein vert ikkje rik på pengar for sokneråds- eller kyrkjelydsarbeid, men ein får oppleva godt sosialt fellesskap og stor glede med å gjera noko for andre.

Me ønsker namnet på kandidatar så snart som mogleg.

Forslag til kandidatar kan meldast til:

Svanhild Alvestad tlf. 52748424
eller Solveig Våga tlf. 52748423

*Solveig Våga*
*leiar Bokn sokneråd*

# Natur og mosjon er beste medisin

**Reidar Alvestad**

Mange er gjengangarar på legekontor, hos psykologar, psykiatarar og andre profesjonelle behandlarar. Dei overlet så og seia heile helsa si til ekspertane, og er ikkje sjølv i stand til å ta ansvar for eige liv og helse.

Me har frå tid til anna behov for profesjonell hjelp og støtte ved sjukdom og i andre livssituasjonar. Likevel har alle også eit ansvar for eiga helse. Når ein er komen litt "ovanpå", kan mange gjera mykje sjølv for å behalda best muleg helse og velvære ved å halda kropp og sinn i trim. Mange hentar inspirasjon og overskot gjennom ein interessant jobb, hobbyar som lesing, handarbeid, reiser, og så vidare, men den store helseforebyggande gevinsten får du gjennom eit aktivt friluftsliv med fysisk aktivitet. Det kan vera så mangt å finna på, så som jakt, fiske, turgåing, idrett.

Gåturar styrkar deg både fysisk og psykisk. Amerikanske forskarar har nå konkludert med at eit kvarters dagleg gåtur er jamngodt med å redusera uro som berolegande medisin.

Samtidig forbrenn du 120-250 kaloriar i timen, stimulerar fordøyelse og aukar mengda av det gode kolesterolet HDL. Vidare minskar du insulinnivået og risikoen for beinskjørhet. Også i psykiatrien kan fysisk aktivitet bli brukt som del av behandlinga.

Gåturar er fint for dei som likar å meditera, særleg om ein legg turen utanom allfarveg og får naturopplevingane i tillegg.

## Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd

hadde årsmøte 29.mars. I langtidsplanen fram til 2004 blei det vedtatt fylgjande saker som galdt Bokn:

Arbeida for sikring av område/trasear gjennom avtaler:

Turstiar: Knarholmen - Oksebåsen
Sølvbrekk - Kleivane
Kyrkjebygd - Djupadalen (parkering)
Føresvik - Kongshavn
Dagsland - Håland
Are - Hognaland.

I tillegg sikring av turvegen Kyrkja - Føresvik ved hjelp av kjøp eller servitutt.

Båtutfartsområde: Kjeøyane/Kjøyvågen
Longanes
Drevsund
Humraparken
Skottehabn
Fløsund.

I tillegg blei det vedtatt at ein ynskjer å tilretteleggja Humraparken med ilandstigingsbrygge og båtfester.

Frå før har Friluftsrådet sikra og tilrettelagt Ognahabn som eit kombinert båtutfarts- og badeområde.

Prioriteringane er gjort i samråd med formannskapet i Bokn.

Friluftsrådet har nå fylgjande medlemskommunar: Bokn, Etne, Fitjar, Haugesund, Karmøy, Kvinnherad, Sauda, Stord, Sveio, Tysvær, Vindafjord og Ølen.

I tillegg til tilrettelegging og drift av friluftsområder har fruluftsrådet m.a. eit omfattande engasjement med kursing i friluftsliv, der årleg 1500-2000 barn og unge og omlag 700 vaksne lærarar og barnehagepersonell tar del.

*Svein Ivar Langhelle*
*styreleiar*

## BOKN IDRETTSLAG INFORMERER

Som sikkert alle har fått med seg har idrettslaget sagd ned trærne på tomta vår ved fotballbanen. Dette har skapt både harme og glede. Å tilfredsstilla alles behov og ønsker er ikkje lett, og idrettslaget håper at tiden leger alle sår. På tomta er det tenkt eit nytt klubbhus, og difor vart trea felte. Me har fått stor hjelp av naboar og andre til dugnad, og er dei ei stor takk skuldige.

Grassesongen har starta for A-lag og minirakkettane våre, og sjølv om ingen av laga våre klarte å vinna var innsatsen bra!! Me står på, og ser fram mot poeng i framtida. Kampane vert annonsert ved Handelslaga i Føresvik og Alvestadkroken. Me vil ynskja alle interesserte velkommen til Føresvik stadion!!



Me har prøvd å få holda eit Aktivitetsledarkurs i vår. Dette vert i staden satt opp på hausten. Meir informasjon om kurset vil komma når dette igjen vert aktuelt.

*Vårsleppet* hadde 31 deltakarar, noko som er litt over normalen. Me håper at alle hadde ein fin tur og stiller opp ved neste korsveg.

**Trenger du hjelp til å slå plenen?**

**Erik og Tom Inge, 14 år**

**Tlf. 47 63 63 47 eller 45 25 68 38 etter kl. 15.00**

**Eldre hus ønskes kjøpt, ikke i byggefelt.**

**Alt av interesse**

**Kontakt Steeven eller Tone**

**Tlf. 52 74 86 74 - 98 81 41 49**

# Krysserier for dei små!




av Lars Morten Kro

**Bygg selv! :** Under er det et tomt kryssord. Meningen er at du skal finne dine egne ord å fylle inn. Det er ikke så vanskelig viss en finer de riktige ordene. Men pass på! De må passe sammen både vannrett og loddrett… LYKKE

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | |
| | | | |
| | | | |



## VÅR!!

Ja, tenk det! Vinteren er over, og solen titter frem. Fuglene kvitrer, og blomstene spretter opp fra bakken! Våren er en forberedelse til sommeren, og mye skjer rundt overalt i naturen. Så hvor ikke ta en tur ut i skog og mark, se det flotte landskapet som ligger der, rett utenfor huset ditt. Ta med noe godt i sekken, så blir turen komplett!! God tur!!



## Løsningen på "Påske-kode-nøttene"!

| | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | S | T | Y | R | K | E | N | E |
| | | | | T | R | O | | L | | A | I |
| | | | | R | E | T | N | I | N | G | |
| | | | | A | | E | I | R | | L | Y |
| | | | | F | Y | R | | R | O | E | R |
| | | | | F | N | | S | E | I | R | E |
| | | | | E | K | L | E | | S | | |
| | | | | K | E | I | | H | E | L | T |
| S | A | N | D | A | L | E | N | E | | A | R |
| A | R | | | S | I | | E | V | I | G | E |
| B | O | K | U | T | G | I | V | E | R | | K |
| E | M | I | L | | E | S | E | R | | H | A |
| L | A | O | S | | | E | | T | R | A | N |
| T | | S | T | R | A | N | D | | A | R | T |
| A | N | K | E | | U | D | E | L | T | | E |
| N | Y | | R | E | D | E | R | | T | U | N |
| N | E | D | | N | I | | T | Å | | R | E |



# Loddrett & Vannrett



av Lars Morten Kro





**Loddrett**

1. Varsel
2. Verdensdel
3. Kvinne
4. Nedbør
5. Regning
6. Beskytte
7. Årer
8. Bevege
10. Plass
12. Gli
13. Belegg
16. Tabbe
18. Sur
20. Munnen
22. Pikenavn
24. Fristedet
25. Flire
28. Gammel hest
29. Ferdselsåre
32. Tilbake
33. Veldige
36. Gløden
38. Irritere
40. Siden
43. Repliserte
44. Besitte
46. Krangle
48. Pikenavn
49. Fase
50. Årelate
53. Beveget
54. Meget
56. Sted
61. Ukeblad
62. Lever

1. Tv
6. Kampplass
9. Snurre
11. Original
14. Tok sjansen
15. Dyr
16. Arrestant
17. Merke
19. Frø
21. Bydel
23. Myntenhet
26. Uro
27. Ytet
28. Trening
30. Org.
31. Barnet
33. Plante
34. Fugl
35. Land
37. Dovne
39. Anlegget
41. Grunnstoff
42. Solid
43. Gremmelse
45. Strak
47. Pikenavn
51. Verb
52. Forsterke
55. Trege
57. Fugl
58. Gjøn
59. Pålegg
60. Dra
63. Yrke
64. Artikkel
65. Plante
66. Larve



# LÅTT OG LØYE

## med Vegar Våge





HA HA HA

Kjendis: En person som jobber hardt halve livet for å bli kjent, så bruker han solbriller og prøver å være i fred resten av livet.

Legen:- Jeg skriver ut en resept.
er du denne medisinen, blir du gan:
sikkert frisk.

- Har du hørt om Marlene?Hun fikk ikke være med bussen fordi hun hadde for lite på seg.
- Du slette tid! Hva hadde hun på seg, da?
- Bare fem kroner

- Kan du låne meg 100kr til lønningsdagen?
- Kanskje, når er lønningsdagen?
- Ikke vet jeg, det er du som har jobb.

HE HE HE

- Stopp, stans, stopp, en dame falt akkurat av bussen!
- Det er ikke så farlig, hun har jo betalt.

**Første gangen lille per var på fiolinkonsert med pappa, var han forskrekket over hvor forferdelig det låt. Ganske enkelt sa han:**
**- Pappa, kan vi ikke gå hjem når han endelig har fått saget over den greia?**



- Kelner, har dere ekte svaleredesuppe?
- Har den gode herren smakt ekte svaleredesuppe før?
- Nei.
- Da har vi svaleredesuppe.

Mor, mor, hvorfor løper far i sikksakk?
*- Hold kjeft og lad geværet mitt.*

Alle barna svømte til stranden, untatt Gunn, hun lå på bunn.

- Å, min kjære, hvordan skulle jeg noen gang kunne forlate deg?
- Neste buss går om et kvarter.





Eller som ateisten sa:
- Nå har jeg latt være å tro på Gud hele livet, jeg håper han er like sur på meg som jeg er på ham.

Presten i en bygd på Vestlandet hadde vært alvorlig syk en stund. Desto større var gleden da han begynte å komme seg, og kirketjeneren ble så glad at han satte opp en lapp på kirkeføren med teksten:
Gud er god, presten er bedre.

- Skal ikke du på verkstedet, bestemor?
- Hvorfor skuller jeg det?
- Jo, far sa du har en skrue løs.

- Doktor, doktor, kona fikk nettopp kjeven ut av ledd, kan du komme om et par uker?



HO HO HO

# INVITASJON

## MUSEUMS-STAFETT

*Få et innblikk i vår landsdels Historie, dagligliv og tradisjoner*

Karmsund folkemuseum har laga til ein museumsstafett der Bokn bygdemuseum er eitt av fem museer.

25.01 byrja stafetten på Karmsund folkemuseum.
22.02 var han i Tysvær og "Reisen til Amerika"
30.03 er det klart for Vikedal bygdemuseum.
26.04 skal museet i Mælandsgården, Karmøy besøkast
**31. Mai er det klart for Bokn bygdemuseum kl. 19.00—21.00. Birger Lindanger kåserer. Kaffi. Entré kr. 30,-**

# Røde Kors-aksjonen 2001

## - ofre for krig og vold -



**Kaj Arne Christiansen er ein av sju frå Bokn Røde Kors som til saman samla inn heile 10.800 kr. blant Bokns befolkning til denne landsomfattande aksjonen.**

**Pengane går til ulike arbeid som RK har starte ute i verda, arbeid som gjerne blir gløymd bort, fordi media ikkje sett fokus på prosjekta. Men det gjer RK. Dei sørger for at oppstarta prosjekt held fram, som t.d. 10 år gamle flyktningeleirar og protesevekstader.**

**Flott gjort!**

**Bygdabladet vil seinare presentera Kaj Arne og hjelpearbeidet han har gjort og gjer.**


www.sr-bank.no



NB!
✓ Stikk innom SpareBank 1
✓ Spør om ODIN-fond
✓ Planlegg drømmeferien

Langsiktig sparing i fond har ofte gitt en betydelig høyere avkastning enn tradisjonell banksparing. Hvis du ennå ikke har plassert noe i fond, kan det være smart å opprette en spareavtale. Sparing i ODIN-fond over en periode på fem år eller mer betyr at du kan forvente å få mer igjen for pengene dine, som du kan benytte til gode opplevelser. Stikk innom SpareBank 1 i dag så får du informasjon om betingelser og hvilke muligheter du har til å realisere dine drømmer – litt raskere.

**Snakk sparing med noen som kjenner deg.**

SpareBank 1 SR-Bank

ODIN

bank • fond • forsikring

# BOKN H-LAG

- Dagligvarer
- Bensin–Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk

SMARKED

BJØRN LINDANGER

**Alt i Graving og Transport**

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
- Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk dumperbiler.
- Me formidler båring og skyting.
- Levering av røyr og kummer.

# A. OLUFSEN SKIPSSERVICE A.S

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØRARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTIFISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP

*Hjarteleg takk for all oppmerksomhet, blomster og pengegåve til Bokn sjukestove- ved Ingeborg Øvrebø's bortgang.*

*Ein spesiell takk til personalet ved Bokn sjukestove for omsorg og god pleie.*

*Familien*

*Hjertelig takk for all oppmerksomhet ved min 50 års dag!*

*Arne Prest*

# Konfirmantar 2001

**Festiviteten 5. mai**
Rene Alvestad

**Bokn kyrkje 13. mai**
Lars Øyvind Alvestad
Jens Are
Camilla H. Birkeland
Vibeke Borgenvik
Kristina Faye
Hermund Kro
Hanne Nilssen
Sindre Nygaard

**Bygdabladet gratulerer!**

# HÅRSMIÅ

Austre Bokn - mot Våga



**Hårfin til våren?**

Prøv en trendy farge neste gang.

Kom innom eller ring for timebestilling

**52 74 86 47**

Fører alt i Goldwell LC 2 produkter.

Sveising av hår ½ pris 50,- pr. stk.

Dameklipp fra 280,- 330,-
Herreklipp fra 180,- 230,-

Pensjonist herre fra 140,-
Maskinkl. gutter fra 100,-

**KULTURKONTORET ER STENGT**

**18. og 21. mai p.g.a. eksamen.**

## MEDARBEIDAR

**Søker medarbeider i blomstergatneri, heil eller deltid.**
**For nærare opplysningar, ta kontakt med Jostein på tlf. 52 77 77 05**

**Søknad sendes**
**Eikeskog gatneri**
**v/Jostein Eikeskog**
**5570 AKSDAL**

***BOKN FYSIOTERAPI***
**Tysdag og onsdag og helgene i partalveker.**
**Direktenr. 52 75 25 33**
**Ta kontakt for avtale.**
**Geir Austvik**
**fysioterapeut**

***FOTTERAPI***
**kvar onsdag på legekontoret**
**kl. 09.00 – 14.00**
**For påmelding,**
**tlf. 52 74 84 79**
**Rita Jensen**
**fotterapeut**

***SONETERAPI/NATURMEDISIN***
**ope etter avtale på fysioterapirommet.**
**Timebestilling:**
**52 74 86 11**
**Jorid Vea – heilpraktikar**

***LIKNINGSKONTORET***
**Kontordagar i Bokn**
**tysdag og torsdag**
**kl. 08.00 – 15.00**
**Tlf. 815 32 666**
**( skatteetaten )**
**Måndag, onsdag og fredag kontordagar ved Tysvær liknings- og folkeregister i Aksdal**
**kl. 08.00 – 15.00**
**Gaute Kro**
**likningssjef i Bokn**

***TRYGDEKONTORET***
**Kontortid kl. 9.00 – 14.30**
**Telefontid kl. 8.00 – 15.30**
**Tlf. 52 75 21 50**
**Fax. 52 75 21 51**
**Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.**
**Ragnhild Ognøy: linjenr. 150**
**Ingunn Sunde: linjenr. 152**
**Ingunn Sunde**
**trygdesjef**

***LANDBRUKSKONTORET***
**Kvar torsdag kontordag i Boknatun kl. 9.00 – 12.00.**
**Direktenr. 52 75 25 13**
**Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.**
**Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre vekedagar, tlf. 52 77 05 00**
**Bjørn Bruaset**
**jordbrukssjef**

**Ved oppringing etter kl. 15.00 må ein alltid nytta direkte nummer.**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 52 75 25 00 | Sentralbord | | postmottak@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 01<br>98 22 15 01 | Rådmann | Jan Erik Nygaard | jnygaard@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 02<br>98 22 15 02 | Økonomisjef/personalansvarleg | Solrunn Alvestad | soa@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 03<br>91 35 40 82 | Ordførar<br>Tysdag – ring på førehand | Svein Ove Alvestad | svein@bokn.komune.no |
| 52 75 25 04<br>98 22 15 04 | Seksjonssjef sosial | Reidar Alvestad | ralvestad@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 05<br>98 22 15 05 | Seksjonssjef teknisk | Hans Faye | hfaye@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 07 | Økonomiavdelinga,<br>rekneskap og løn | Svein Erik Larsen | sveinerikL@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 09<br>99 53 19 35 | Økonomiavdelinga,<br>skatt og fakturering | Lindy Haram | lharam@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 08<br>98 22 15 08 | Seksjonssjef kultur | Jardar Havikbotn | jhavikbotn@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 10 | Seksjonssjef servicetorg | Gro Sørensen | gsorense@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 12 | Barne– og ungdomsarbeidar<br>Tysdag 08.00 - 13.00 | Ann Kristin Grønnestad | agroennestad@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 15 | Telefaks Boknatun | | |
| 52 75 25 30 | Bokn sjukestove | | |
| 52 74 85 22 | Legevaktsentralen | | |
| 52 75 25 34<br>98 22 15 03 | Seksjonssjef helse | Gunn Grønnestad | ggroennestad@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 36 | Psykiatrisk sjukepleiar<br>Tysdag/onsdag 08.00 – 15.00 | Miriam Berland | |
| 52 75 25 40 | Legekontor | Mandag og torsdag | |
| 52 75 25 43 | Helsesøster tysdag/fredag - etter avtale<br>Open helsestasjon mandag 08.30 - 11.30 | Marie L. Faye | mfaye@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 45 | Bokn Folkebibliotek | Annette Bokneberg | logney@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 47<br>93 41 54 40 | Kyrkjeverge<br>Tysdag/onsdag 08.30 – 15.30 | Svanhild Alvestad | svalves@frisurf.no |
| 52 75 25 50<br>98 22 15 10 | Seksjonssjef skule | Dag Halvorsen | dhalvorsen@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 51<br>98 22 15 11 | Rektor | Ingjerd Thuestad | ithuestad@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 13<br>98 22 15 09 | Barnevernleiar<br>Tysdag, og etter avtale | Eva Moi | emoi@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 66 | Skulefritidsordning | Ranveig Nygaard | rnygaard@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 67 | Telefaks skulen | | |
| 52 75 25 70<br>98 22 15 12 | Seksjonssjef barnehage | Jarle Haakonseth | jhaakonseth@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 70 | Petra Fritidsklubb | ( På klubbkveldar ) | |
| 52 75 25 80 | Tannlegekontor | Anita Knutsen | aknutsen@bokn.kommune.no |

## KIRKENS NØDHJELP
Sammen for en rettferdig verden

# FASTEAKSJONEN 2001

Til Kirkens nødhjelp blei det i år samla inn kr. 13.266,-

Konfirmantane samla inn kr. 10.946,- av desse. Kr. 2.320,- var offer i kyrkja.

Ei stor takk til konfirmantane og til alle som gav !

VIKTIG MELDING FRÅ

## BUFELLESSKAPA PÅ BOKN

Nokre av våre telefonnummer
har falt ut av telefonkatalogen, og
vi erfarer at opplysinga på 180
ikkje alltid finn dei fram heller!!
Derfor –
her kjem ein oversikt
til hjelp
for dei som ynskjer kontakt med oss:

### TORLAND BUFELLESSKAP:
**Tel: 52 74 85 99**
btorland@online.no

### MYRÅ BUFELLESSKAP:
**Tel: 52 74 81 31**
myrhuset@frisurf.no

### ADMINISTRASJON:
**Tel: 52 74 81 88**
**Fax: 5274 81 89**

Dagleg leiar: Dag Monsen
( mobil 934 99 642)

Fagleg leiar: Elin Thorsen
(mobil 920 96 107)

## www.bokn.kommune.no

Heimesida til Bokn kommune er ikkje ferdig enno, og kommunen ligg dermed heller ikkje ute på nettet. Fleire lurer på dette, og må smørja seg med tålmod. Kommunen brukar vanleg nettvett i dette tid– og ressurskrevande arbeidet, og som kjent skal ei webside aldri publiserast før ho er ferdig og alt fungerer som det skal. Bygdabladet kjem med ny informasjon når alt er klart.


# BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR
Bokn kommune
5561 BOKN
Tlf 52 75 25 00
Fax 52 75 25 15
E-post : jhavikbotn@bokn.kommune.no
Bankgirokonto 3373 07 00305
Postgirokonto 0806 56 84501

BYGDABLADNEMND
Svein Ivar Langhelle
Eva Moi
May Jorunn Vatnaland

REDAKTØR
Jardar Havikbotn
Direkte tlf. 52 75 25 08

REDAKSJON
Jardar Havikbotn
Reidar Alvestad
Linda Ognøy

ABONNEMENT
Kr. 200,- pr. år

ANNONSEPRISAR
Heilside kr. 500,-
Halvside kr. 300,-
Kvartside kr. 150,-
1/8 side kr. 100,-
Privatann. kr. 30,-
Fastann. etter avtale

FRIST FOR STOFF
Etter avtale med redaktøren

BLADET KJEM UT
10 gonger i året ( ikkje januar og august )

STORT FORSIDEBILDE
Epletre i full blomst på Vatnaland, 17. mai 2000
Foto: Kari Hetland



## TILBUD
## STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 135,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 145,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

*Kontakt Jakob Ullenes,*
*4150 Rennesøy*
51 72 32 87 946 70 873

# A-Blad

RETURADRESSE:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

## Vinterminner frå 5. klassingar


Runa G. Schmeichle


Elisa Skeie


Kent Viggo Thuestad


Tommy Øvrebø


Evelyn Marita Simonsen


Audhild Sæbø


Natalie G. Våge